

FTU Sogn og Fjordane  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

### **Søknad om fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar for 2018**

Viser til fylkeskommunalt trafikktryggingsutval (FTU) si kunngjering i lokalaviser vedkommande FTU-midlar 2018– tilskot til lokale trafikktryggingstiltak.

Også i 2017 innvilga FTU trafikktryggingsmidlar til forvaltning av fylkeslaget. Midlane vart brukt i samband med gjennomføring av Bilførar 65+ kurs i fylket og er svært positive stimuleringsmidlar for dette viktige kurset. Fylkeslaget samarbeider no med Statens Vegvesen v/Inge Grane, Odd Atle Skarstein og Ingeborg Hauglid.

### **Trafikktryggingsarbeid 2018**

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane håpar på vidare godt samarbeid med Statens Vegvesen ang. Bilførar 65+ kurs. I 2017 klarde vi å gjennomføre 11 kurs for tilsaman 205 deltakarar. Dette kunne vore endå fleire dersom instruktørane hadde hatt meir tid til rådvelde. Interesse er svært stor ute i kommunane.

Tildelingskriteria for disponering av trafikktryggingsmidlane i 2018 skal vere til lokallaga som eit administrasjonstilskot på kr 3000,- pr kurs.

### **Bilførarkurs 65+**

Fylkeslaget ynskjer å vidareføre det samarbeidet som alt er etablert på området trafikktrygging for eldre også gjennom bilførarkurset 65+.

For 2018 legg fylkeslaget til grunn følgjande aktivitetsnivå for sin søknad:

Administrasjonstilskot (15 kurs à kr 3000)	kr 45.000,-
<b>Totalt</b>	<b>kr 45.000,-</b>

### **Søknadssum**

Fylkeslaget tillet seg å søkje om kr 45.000,- som tilskotsmidlar i samband med gjennomføring av bilførarkurset 65+ i 2018 for vidareføring av arbeidet som eit ulukkesførebyggjande tiltak for eldre i trafikken.

MVH

Per Kjelstad(s)  
Fylkesleiar

Laila Hage  
Dagleg leiar